

LEIGE KONTRAKT

Ubygd areal

Utleigar: Hordaland fylkeskommune, org. nr. 938 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

Leigetakar: Norscrap West AS, org.nr. 984 220 847
Hanøytangen 122
5310 Hauglandshella

Følgjande avtale er inngått mellom partane:

- 1. Leigeobjekt**

Avtalen gjeld nordre del av Magnusbakken - 12 da - på Stend vidaregåande skule, gnr. 97 bnr. 1 – Fana. Arealet skal nyttast til mottak av skrapjern og evt. mottak for vrakpantbilar. Området har sidan 01.01.2007 vore utleigd til same leigetakar med same bruksformål.
- 2. Vilkår**

Det er leigetakar sitt ansvar å hente inn nødvendige løyve frå styresmaktene til den aktuelle bruken av arealet, jf. pkt. 1. Leigetakar er kjent med at arealet ligg på eit bossdeponi med gassbrønner og infrastruktur i samband med oppsamling av gass. Langs grensa mot resterande del av Magnusbakken i sørvest må det på leigetakar sitt areal etablerast ei avskjerming som hindrar innsyn til næringsområdet. I tillegg må området haldast inngjerda.
- 3. Leigetid**

Avtalen gjeld i 5 år frå 01.01.2017 fram til 31.12.2021, med opsjon på vidare leige i 4 år.
- 4. Pris**

Årsleiga er kr. 35.000,- pr. da.
Årsleiga betalast forskotsvis med forfall 15. mai kvart år. Årsleiga skal justerast kvart år – første gong i 2018 - i samsvar med endringa i SSB sin konsumprisindeks med basis i indeksen november 2016. Årsleiga vert fakturert frå utleigar.
- 5. Opphøyr**

Ved opphøyr av avtalen plikter leigetakar - innan utgangen av leigetida - å fjerne alle etablerte installasjonar og føre tilbake området til jordbruksformål inkludert eit velfungerande dreneringssystem.
Dersom utleigar ønskjer å vidareføre området som næringsareal, kan pkt. 5 i avtalen reforhandlast.
Leigetakar skal seinast 1 år før opphøyr av avtalen melde ifrå om sine ønskjer for leigearalet.
- 6. Bankgaranti**

Norscrap West AS plikter å stille ein bankgaranti på kr 500.000,- som sikkerheit til dekning av kostnader med opprydding og tilbakeføring til jordbruksformål.
- 7. Tvist**

Eventuelle tvistar som gjeld avtalen skal avgjerast ved frivillig voldgift.

Denne avtalen er utforma i 2 (to) eksemplarer – eitt til kvar av partane.

Bergen, den / 2016

Hordaland fylkeskommune

Bergen, den 14.9.2016

Norscrap West AS

HEBA Tegen Group

